

**Saksframlegg**

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/12444-1

Val av representantar til Sogn og Fjordane Revisjon IKS og Trivselshagen IKS for valperioden 2015–2019

::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

SOGN OG FJORDANE REVISJON IKS:

Representant:
Vararepresentant:

TRIVSELSHAGEN IKS:

Representant:
Vararepresentant:

Representant:
Vararepresentant:

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:
Eigarmelding 2015

SAKSFRAMSTILLING**1. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er deltakar i tre interkommunale selskap; Sogn og Fjordane Revisjon IKS, Trivselshagen IKS og Vigo IKS. Representantskapet er øvste organ i interkommunale selskap. Etter IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Fylkestinget fastset sjølv om valet skal skje ved høvestalsval eller fleirtalsval. Med unnatak av dei tilsettevalde styrerepresentantane, blir styret i selskapet valt av representantskapet.

Fylkesrådmannen gjer merksam på at berre representantar og vararepresentantar som er valde av fylkestinget kan møte i representantskapet. Dersom verken representant eller vara kan møte, er det ikkje høve til at andre møter med fullmakt.

Representanten skal utøve fylkeskommunen sine interesser i selskapet. Denne utøvinga av eigarstyringa skal reflektere fleirtalet i fylkestinget. Fylkesrådmannen syner elles til Eigarmelding 2015, punkt 2.4 og 3.8, om val av eigarrepresentantar og representantane sine oppgåver og ansvar overfor fylkeskommunen.

Fylkestinget har tidlegare valt leiar og nestleiar i hovudutvalet for opplæring som fylkeskommunen sin representant og vararepresentant i Vigo IKS, sjå sak 63/10.

2. Sogn og Fjordane Revisjon IKS – representantskapet

Sogn og Fjordane Revisjon IKS vart etablert i januar 2005 med fylkeskommunen og åtte sognekommunar som eigarar. Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll, samt attestasjonsoppdrag.

Ifølgje selskapsavtalen skal kvar eigar ha éin representant med personleg vararepresentant i representantskapet. Vidare følgjer det av selskapsavtalen at representantane skal nemnast opp for kommunevalperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

Fylkeskommunen sin representant i perioden 2012–2015 har vore:

Representant: Fylkesordførar

Vararepresentant: Fylkesvaraordførar

3. Trivselshagen IKS – representantskapet

Trivselshagen IKS vart etablert i mars 2007 med fylkeskommunen og Gloppen kommune som eigarar. Selskapet sitt føremål er å planleggje, byggje, eige og drive felles bygningsanlegg til undervisningsareal for Firda vidaregåande skule, og å skaffe skulane og lokalsamfunnet i Gloppen kultursal, symjehall, idrettshall med vidare i samsvar med vedteke funksjonsplan.

Ifølgje selskapsavtalen skal kvar eigar ha to representantar med personlege vararepresentantar i representantskapet. Det går vidare fram av selskapsavtalen at valet følgjer den kommunale valperioden. Ved fyrste gongs val vert medlemene valde for resten av valperioden. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar.

Fylkeskommunen sine representantar i perioden 2012–2015 har vore:

Representant: Gunn Åmdal Mongstad

Vararepresentant: Svein Hansen frå 2012 til oktober 2013, Lars-Svein Drabløs for resten av perioden

Representant: Anders Kristian Sægrov

Vararepresentant: Helen Hjertaas

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)